



# Årsmelding - Keipen Turlag 2015

Org. nr: 911830477

## Styret har i 2015 vore samansett slik:

Leiar : Kirsten Grotle

Nestleiar : Mattis Hamre

Kasserar : Rita Svarstad Isene

Sekretær: : Linda Stenseth

Styremedlem : Steinar Isene

Styremedlem : Svenn Petter Kjerpeset

Styremedlem : Arne Loftheim

Varamedlem : Espen Sortevik

Varamedlem : Rob Deckers

Kirsten Grotle er vald som varamedlem til styret i SFT.

## Barnas Turlag Indre:

Leiar : Inger Lise Langedal

Styremedlem : Gabriel Ossenkamp

Styremedlem : Astrid Johanne Vårdal

## Barnas Turlag Ytre:

Leiar : Kari Songedal

Styremedlem : Monicha Terdal

Styremedlem : Roger Svarstad

## Barnas Turlag Davik/Ålfoten:

Leiar : Sonja Førde

Styremedlem : Evi Dombestein

Styremedlem : Monica Nybø

## Revisorar:

Kåre Myklebust og Bjørg Didriksen

## Valnemnd:

Jarle Frøyen og Liv Haukenes

**Medlemmar:** KT har auka medlemsmassen med 25%, frå 183 ved sist årsmøte, til 229 medlemmar pr. okt 2015; 78 hovudmedlem, 5 student, 26 honnør, 1 livsvarig, 67 barn, 14 skoleungdom og 38 husstandsmedlem. Æresmedlem: Oddmund Leirvik

### **Møte:**

Vi har gjennomført årsmøte, 9 styremøte og handsama 53 saker. Saker vi har jobba med er m.a.: Friluftslivets år, registrering i Brønnøysund/Grasrotandel, brosyre, Opptur, Friluftshelga, politiattest, Frifondsøknad, forsikring Martinbu, Sørdalstrappa, vedtekter og innkjøp av benkar som skal plasserast ved Risevatnet og skogsvegen i Langeneset.

Kirsten og Svenn Petter har delteke på eit møte i samband med Sørdalstrappa.

Kirsten har teke del i eit møte med grunneigarane i Berle, Fjordkysten og Bremanger kommune i samband med parkeringsplass på Berleneset og nytt startpunkt på stien til Hornelen.

Svenn Petter og Kirsten var utsendingar på årsmøte til SFT på Skei.

Kirsten var utsending frå SFT på Landsmøte til DNT i Harstad

Kari (BT) og Kirsten var utsendingar på Fellesmøte i Selje.

Barnas Turlag har hatt eitt fellesmøte for alle tre avdelingane.

**Uttaler** v/Alvar Melvær og Ron Overdevest i SFT:

1. Ålfotbreen landskapsvernombord - framlegg til forvaltningsplan på høyring
2. Forsterking av 66 kV kraftlinje Øksenelvane - Lunden i Bremanger kommune - SFE Produksjon og
3. Smørhamn i Bremanger, søknad om driftskonsesjon mineral.

### **Dugnad:**

Styremøte og anna administrativt arbeid	321,5
Feltarbeid (traséval, stimerking, vedlikehald)	301,0
Turleiing	294,5
Anna	164,0
<b>Sum dugnad</b>	<b>1081,0</b>

### **Kurs:**

Alice Torvanger Haugland har gjennomført turleiarkurs i Stardalen.

Svenn Petter Kjerpeset har gjennomført sommarturleiarkurs på Gjendesheim.

Kari Songedal har gjennomført aktivitetsleiarkurs for BT og er godkjend som instruktør.

### **Merking av stiar:**

Gjegnen: Denne sommaren har det ikkje vore gode tilhøve for vidare merking. Det har vore bore opp meir merkepinnar og vidare merking fram til vernesona. Det er óg sett ut merkepinnar for å sjå korleis dei toler ein vinter i dette området. Det vil vere behov for mykje dugnad med m.a. varding.

Vetvika: Gått opp og gps- målt eksisterande sti og gjort klart til skilting og vedlikehald av stien.

## Samarbeid:

*Bremanger kommune:* Opninga av Friluftslivets år, planlegging av parkeringsplass og skilting T-merka stiar Hornelen, skilting til Vetvika

*Hornelen kystlag, grunneigarar i Berle og Røde Kors:* Friluftshelga i Berledalen

## Fellesturar og Friluftslivets år - 2015:

Dato:	Stad:	Tal deltakarar:	
		Born/ungdom	Voksne
13. jan	Moldahytta: Start Friluftslivets år	5	20
01.feb	Kom ut dag - Langesi	100	70
03. april	Klakegga - Kvassegga - Kårnyken		7
05. april	Grytadalen - Mulen	avlyst	
12. april	Open dag Moldahytta	37	31
18. april	Kalvåg - Fanneskarvarden - Dosavarden - Nesje		9
26. april	Ryland - Rylandsholmen - Berle	avlyst	
01.mai	Keipen		36
08. mai	Opptur	45	10
10. mai	Gjegnen	1	11
24. mai	Open dag Knekkevasshytta	20	20
30.- 31. mai	Frilufshelga i Berledalen	45 + 3	43
31. mai	Berle - Heilkinna- Smalerabben- Berle		10
07. juni	Vingesætra	Ingen frammøtte	
14. juni	Vetvika; Tungedalen - Svarstad		11
20. juni	Solnedgang - soloppgang		11
28. juni	Gjegnen	flytta til 1. august	
4. – 5. juli	Grøndalen - Blåbrebu - Saga - Førdsalen	avlyst	
19. juli	Hornelen	avlyst	
26. juli	Ålfotbreen	1	8
01.aug	Gjegnen	4	2
02. aug	Bukkenibba - Svinevika	avlyst	
09. aug	Jubileumstur til Keipen	avlyst	
16. aug	Karlskareggja		4
23. aug	Mulen	3	9
30. aug	Såta	avlyst	
06. sep	Kom ut dag - open dag Knekkevasshytta	25 + 4	20

## Barnas Turlag:

**Barnas Turlag i indre/Svelgen:** Då var denne tursesongen over- det har vært ein flott sesong i år også. Vi har hatt fellesturar med BT ytre og BT Davik/Ålfoten og vi har hatt turar der vi BT indre har arrangert. Første turen denne sesongen var i november 2014 – då var det felles tur for alle 3 laga. Vi gjekk frå butikken i Leirgulen til Blålidflaken- ein lang tur for dei yngste, men det var ein spennande tur. KomDegUtDagen i februar var fantastisk flott. Eit nydelig vinterver og mange skiglade born og vaksne- vi var 170 til saman!! Heilt fantastisk. Denne turen var også fellestur.

Vi gjekk til Moldahytta 12. april på opa hytta- 68 var innom hytta denne dagen og av desse var det 31 born. I mai hadde vi 2 turar. Ein felles tur i Berledalen – her var det feiring av friluftslivetshelg. Eit stor

arrangement som var svært vellykka. Vi i BT indre hadde ein ettermiddagstur til Ivervann 15. mai. Ein kjempe flott ettermiddag i sol- fisking og grilling av fangst stod på meny – her var det 9 born og 9 vaksne som deltok. I september var det KomDegUtDag som BT indre arrangerte. Her var det 25 born, 4 ungdomar og 20 vaksne innom. Vi hadde quiz langs turstien. På slutten av september arrangerte vi sykkeltur «minitour det Bremanger» frå Svelgen til Nesbø – veret var ikkje heilt på vår side denne gangen og oppmøte var ikkje som forventa – men vi som sykla hadde ein flott tur sjølv om det var kaldt og surt. Vi var 6 born og 9 vaksne.

Vi i BT indre er godt fornøgde med årets sesong og takker BT ytre og BT Davik/Ålfoten for eit godt samarbeid.

Samtidig vil eg takke for meg – det har vært mange flotte år som turleiar i BT indre. Vi har vært aktive og fått vist oss fram, responsen/oppmøte på born og vaksne på turane våre har vært fantastiske. Takker alle born og foreldre for mange flotte turar igal! v./ Inger Lise Langedal

**Barnas turlag, ytre,** har i år delteke på tre fellesturar saman med indre og midtre. Lommelykttur til Blålidflaken, Kom deg ut dagen på Langesi og Friluftshelg i Berledalen.

Friluftshelga var så spesiell at den fortunar litt ekstra merksemd. 91 born og vaksne tok turen innom telteiren i løpet av helga. Helga vart utruleg vellukka, om vi skal tru tilbamedaingane frå dei som deltok. Laurdag føremiddag gjekk vi frå Berle opp til Berledalen, med quiz langs løypa. Telta vart slegne opp, og ungane storkosa seg med leik på sanden. Eit godt måltid med brød og pålegg gjorde godt. Ut over dagen vart det aktivitet med fisking med stang og garn, kart og kompass og førstehjelp med hjelp av Røde kors. Spesielt fiskinga virka å vere spennande.

Alle borna som deltok fekk ein premie. I tillegg vart 4 turbøker sponsa av Bremanger Kommune trekte ut.

I kveldinga vart det middagsmat med pølser, hamburger, wok og steikte poteter. Alt laga på bål. Véret vart litt surt utover kvelden, men det kom ikkje ei, einaste klage!! Somme valde å gå heim etter aktivitetane, medan andre no tok kveld i telta. På søndag vart det frukost, nedrigging og "Vel heim". Vi ynskjer å takke alle som deltok, og dei som hjelpte oss med transport og bering. Vi må og takke alle bedriftene som sponsa oss med deltakarpremier, og sist, men ikkje minst til Fylkeskommuna som støtta med pengar. Uten dokke alle, ville ei slik helg ikkje kunne late seg gjennomføre.

Vi skal og arrangere ein lommelykttur i Førsmarka den 15.november.

For fyrste gong har Barnas turlag arrangert Turbotrim. Dette er ei barnevenleg utgåve av turboktrimmen som Keipen turlag arrangerar. Vi hadde seks postar; Blandevatnet, Holehornet, Ivervatnet, Omvendeskardet, Tongane og Mosehaugane. Vi selde 33 kort, og 18 har levert attende ferdig klypte kort. Alle har fått deltakarpremie, og seks vert trekt ut på årsmøtet. Desse vil få ein ekstrapremie frå ulike sponsorar. Vi har og saman med Keipen turlag sendt inn søknad om frifondsmidlar.Takk for eit flott turår! v./Kari Songedal

**Barnas Turlag Davik/Ålfoten:** Den 14.01.15 møttest 3 motiverte damer til fyrste styremøte i Barnas Turlag Midtre. Mange gode turforslag og planar vart lagt. Fort skjønte vi at det var mange andre aktivitetar som kolliderte med våre planar. Sidan vi har med «småbygder» å gjere må vi prøve å tilpasse oss andre større arrangement. Dette må vi ta med oss vidare når vi skal planlegge 2016.

Vi har gjennomført 2 turar og skal ha ein lommelykt-tur den 20.11.15 i Ålfoten. Tur 1 var sykkeltur på Davik, vi starta turen frå Hauesanden, sykla rundt Vikja og avslutta med grilling på Hauesanden. Det var 19 vaksne og 36 ungar som deltok. Tur nr. 2 var til Inste-Legene på Dombestein. Ein fin tur med 4 vaksne og 9 barn. Vi meiner det er viktig å fordele turane på dei forskjellege bygdene på «Sørsida». Vi trur vi får fleire med då.

Vi har vore representert på fleire av Barnas Turlag-Keipen sine felles arrangement.

Når vi no har fått eitt år med erfaring tar vi med oss denne når vi no skal planlegge aktivitetar for komande år. Dei ulike bygdene er òg orientert om at vi eksisterar so då håpar vi på endå større deltaking på komande arrangement. Vi takkar alle som har delteke på våre arrangement i 2015 og ynskjer på gjensyn. v./Sonja Kristin Førde

### Fjelltrimmen:

#### Svelgenområdet:

<b>Post:</b>	<b>Tal besøk:</b>	<b>Post:</b>	<b>Tal besøk:</b>
Risevatnet 3,5 km	3436	Ivervatn	393
Risevatnet - Vasskaret	742	Knekkevasshytta	390
Moldahytta	1841	Jakthytta Ytrehus	271
Martinbu/Sandsegga	1486	Gulebrystet	166
Omvendeskaret	298	<b>Samla besøk:</b>	<b>9022</b>

Ein nedgang frå fjoråret 10679

<b>Fjelltrim Ytre Bremanger (BIL):</b> (16 postar) pr. 1. nov	<b>10300</b>
<b>Fjelltrim Berle (grendalaget):</b> (11 postar)	<b>4346</b>
<b>Fjelltrim Kalvåg (IL Frøy):</b> (8 postar)	<b>6750</b>
<b>Fjelltrim Davik/Leirgulen/Ålfoten:</b> Ikkje talt opp.	
<b>Hornelen</b>	<b>680</b>
<b>Turboktrimbøker:</b> (7 postar).	<b>630</b>
<b>Gjegnen</b>	<b>75</b>

**Turboktrinnen:** Turmåla for 2015 vart presenterte på årsmøtet i Svelgen; Kjerringehalsen, Karihaugen, Rylandsholmen, Vatnet v/Litlenipa, Karlskaregg, Førdsalen, Såta, Mulen, Vingesætra og Risevatnet. Vi selde vel 100 klippekort og arrangerte fellesturar til fleire av turmåla. Ikkje alle turane er merka og dette har nokre av turgårane vore missnøgde med. Vi har òg fått påminning om at vi må spørje grunneigarane før vi merkar turstart, løype og turmål. 1. okt hadde vi fått inn 59 ferdigklippte kort. Ein liten nedgang frå fjoråret, noko som kan vere grunna masse snø i starten av turåret, därleg vær i sommar og at Skatestraumtunnelen vart stengd. 7 personar hadde nytt seg av tilbodet om å gå berre sju av turane. 21 turboktrimmarar har levert ferdige klippekort alle tre åra og 152 personar har fullført turboktrinnen ein eller fleire gonger i same periode.

**Turorientering:** Turorientering vart starta i Svelgen i 1976 av Svelgen Turn og Idrettsforening. Keipen turlag overtok i 2007. Det er registrert 248 deltakarar (registrering manglar nokre år). Det er sidan 1976 utdelt i alt 38 stk. 5-års plankettar, 10 stk. 10-års plankettar, 5 stk. 15-års plankettar, 2 stk. 20-års plankettar og 2 stk. 25-års plankettar.

I år gjekk turane til Knekkevann via ny sti frå Svelgvann, Førdsalen - Førssetra i Ålfoten, Risevann 3,5 km. og til Huaren. Turane låg ute frå 1. april til 29. august. Det er selt 89 stk. kort/kart. 57 stk. kort er innlevert, derav tok 53 stk. gullmerket, 2 stk. sølvmerket og 2 stk. bronsemerket. I år er det 4 stk som får 5 års plankett for å ha tatt gullmerket 5 gongar. Turorientering er lagt opp til at flest mulig kan delta, både voksne og barn.

### Hytter:

**Martinbu;** dagsturhytta til KT på Sandsegga Tilsyn: Martin Hennøy.

**Moldahytta;** eigd av STIF og drifta av KT Tilsyn: Oddmund Leirvik.

**Knekkevasshytta;** eigd av Svelgen Kraft AS og drifta av KT - 11 overnattingar (8v/3b)  
Tilsyn: Steinar Isene

**Vertskap på hyttene:** Sissel Igland, Johanna Midtun, Anne Karin Vårdal, Olga Aarsnes, Audhild Vistnes, Jorunn Styve og Liv Sigdestad Brekke

**Kommunikasjon:**

Heimeside DNT – drifta av Inger Lise Langedal.

Facebook; Barnas Turlag, Turboktrimmen og Keipen Turlag